

Protokoll for oppmålingsforretning etter lov om eiendomsregistrering (Matrikkellova)

| |
|-----------------------|
| Journalnr 20172913 |
| Oppdragsnr |

| Matrikkeletat | | | | |
|----------------|------|---------|--------|----------|
| Kommune | K.nr | Adresse | Postnr | Poststad |
| Meland kommune | 1256 | PB. 79 | 5906 | Frekhaug |

| Matrikkeleining | | | | | |
|-----------------|-----|-----|-----|-----|--|
| Gateadresse | Gnr | Bnr | Fnr | Snr | Registrert eigar/festar |
| Fosse 70 | 25 | 112 | 0 | 0 | Furnes Liv Eldbjørg Vika (Hjemmelshaver) |

| Om oppmålingsforretninga | | | |
|--------------------------|------------|-------|--------------|
| Forretninga avvikla: | Dato | Kl | Stad |
| | 12.12.2017 | 10.00 | På parsellen |

| | | | |
|---|-------------------------------------|---|--|
| Forretninga gjeld oppretting av matrikkeleining | | | |
| <input type="checkbox"/> Grunneigedom | <input type="checkbox"/> Fest grunn | <input type="checkbox"/> Anleggseigedom | <input type="checkbox"/> Uteareal eigarseksjon |

| | | | |
|--|--|--|--|
| Forretninga gjeld registrering av eksisterande grunn | | | |
| <input type="checkbox"/> Grensejustering | <input checked="" type="checkbox"/> Klarlegging av eksisterande grense | <input type="checkbox"/> Nymerking av eksisterande grense | <input type="checkbox"/> Registrering av ureg. jordsameige |
| <input type="checkbox"/> Arealoverføring | <input type="checkbox"/> Anna | <input type="checkbox"/> Matrikulering av umatrikulert grunn | |

Forklaring
Klarlegging og oppmåling av eksisterande grenser for 25/112.

| | | | |
|---------------------------------------|-----------|----------------------------------|---|
| Saks- behandling | Løyvedato | Dato for fullstendig rekvisisjon | Pårekna dato for fullført matrikulering |
| Rekvirent Furnes Liv Eldbjørg Vika | | | Rekvisisjonsdato 14.11.2017 |

| Habilitet | | | |
|---|--|--|--|
| Landmålararen sitt namn | | | |
| Per Atle Sæle | | | |
| <input type="checkbox"/> Landmålar orienterte partane om det låg føre forhold av personleg eller økonomisk art som kunne tilseia inhabilitet. | | | |
| <input checked="" type="checkbox"/> Hadde nokon av partane merknader/innvending til gjennomføringa av forretninga? <input checked="" type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja (jfr. vedlegg) | | | |

| Varsling og oppmøte |
|---|
| Varselet om oppmålingsforretning inneheld ei liste over dei personane som var varsla, deira partsstilling, varslingsdato og varslingsmåte. Under forretninga vart det oppmoda om å stadfesta sitt framfmøte ved underskrift på lista og framsyning av legitimasjon. (Jfr. vedlegg). |
| Ev. merknader til varslinga |

| Saksdokument - bakgrunn for forretninga | | | | |
|--|------------|----------------|------------|-----------|
| | Forklaring | Journalpost nr | Vedlegg nr | Urelevant |
| Søknad etter pbl | | | | X |
| Vedtak (tillatelse) etter pbl | | | | X |
| Rekvisisjon av oppmålingsforretning | | | | X |
| Varsel om oppmålingsforretning | | | | X |
| Situasjonskart og situasjonsplan | | | | X |
| Konsesjonsdokument | | | | X |
| Servitutt | | | | X |
| Uttalelse/tillatelse fra andre myndigheter | | | | X |
| Avtaler | | | | X |

Omtale av grenser, grensemerke, inngåtte avtaler, skiltsdom, påstandar frå partane m.m.

| Pkt.nr | Type merke | Status | Punkt godkj. av partane | Partspåstandar (journalpost/ vedl.nr.) | Skiltsdom/forlik (journalpost/ vedl.nr.) |
|--------|---|-----------------------------------|-------------------------|--|--|
| 112-1 | Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Jord | Eksist. grense nedsatt på nytt | | | |
| 112-2 | Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Jord | Eksist. grense nedsatt på nytt | | | |
| 112-3 | Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell | Nytt grensemerke | | | |
| 112-4 | Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Jordfast stein | Nytt grensemerke | | | |
| 112-5 | Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Jordfast stein | Nytt grensemerke | | | |
| 112-6 | Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Mur | Nytt grensemerke | | | |
| 112-7 | Asfaltspiker Nedsatt i: | | | | |
| 112-8 | Asfaltspiker Nedsatt i: | | | | |
| 112-9 | Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Mur | Nytt grensemerke | | | |
| 112-10 | Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Mur | Nytt grensemerke | | | |
| 112-11 | Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell | Nytt grensemerke | | | |

Oppsummering og fråsegn frå landmålaren

Landmålaren vurderer og gjev ev. kommentarar til: • løyve • rekvisisjonen • varsel om oppmålingsforretninga • førebuing av oppmålingsforretninga • oppmålingsforretninga • måle- og berekningsarbeid • fakturering • etablering/sletting av rettar • matrikulering • tinglysing • utsending av matrikkelbrev • klagerett og fristar

Eigar av gnr 25 bnr 112 har 14.11.2017 rekvirert oppmålingsforretning med klarlegging av eksisterande grenser.

Meland kommune hadde kalla inn til oppmålingsforretning 12.12.2017. Her var det berre Olav Furnes på vegne av 25/112 som møtte. Eigarar av 25/129, 25/9 og 25/107 var også varsla, men møtte ikkje.

25/112 er frådelt frå 25/10 ved skylddelingsforretning i 1976. I 1982 vart 25/10 delt, ved at teigen rundt 25/112 fekk tildelt bnr 129. 25/112 grensar til 25/129 i nord, aust og sør. I vest grensar 25/112 til 25/9.

I 1988 godkjente Meland kommune ei frådelling/makebyte mellom 25/112 og 25/129. Det vart også halde kartforretning, men partane vart ikkje samde om storleiken på tilleggsarealet til 25/112. Saka vart difor lagt vekk. I samband med kartforretninga i 1988 vart det utarbeidd eit kart over 25/112. Kartet viser at grensa mot 25/9 er målt langs eksisterande gjerde. Kartet viser også at fleire av merkesteinane på 25/112 er vekke.

For å klarleggja og verta samde om grensa mellom 25/112 og 25/129 vart det avtalt nytt møte 15.12.2017 der Knut Arild Langeland møtte for 25/129, Olav Furnes for 25/112 og Per Atle Sæle for Meland kommune.

Grensene for 25/112 var stukke ut på førehand slik dei ligg i matrikkelkartet. Ingen av dei gamle merkesteinane vart funne. Grensa mot 25/9 vart først gått opp, deretter grensa langs elva. I skyldskiftet står ikkje elva nevnt, men Olav Furnes fortalde at dei har oppfatta at grensa går langs elvekanten og ikkje ut i elva. Knut Arild Langeland og Olav Furnes var samde om å definera grensa langs elva til å gå i rette linjer med tre knekkpunkt, først frå grensepunkt 112-2 i grensa mot 25/9 via tre nye grensepunkt (112-3, 112-4 og 112-5) til nytt grensepunkt i murkant, grensepunkt 112-6. Partane var vidare samde om å definera grensa til 25/112 til å følgja vegkanten, først via grensepunkta 112-7 og 112-8 fram til nytt grensemerke i mur ved portsøyle, grensepunkt 112-9. Vidare langs muren til nytt grensemerke i knekk i mur, grensepunkt 112-10 og vidare langs murkant og til nytt grensemerke i fjell bak garasje, grensepunkt 112-11. Herifrå i rett line tilbake til utgangspunktet, grensepunkt 112-1 i grensa mot 25/9.

Før kommunen kan matrikkelføra dei nymålte grensene til 25/112 må eigar av 25/112 og eigar av 25/129 godkjenne grensene ved underskrift på protokollen og returnera eit eksemplar til kommunen.

For å rekna ut kor mykje areal som er justert/endra mellom 25/112 og 25/129 har kommunen lagt til grunn dei gamle grensene som er matrikkelført i kartet for 25/112. På sør og austsida av 25/112 har 25/112 fått overført omlag 63 m² frå 25/129 og avgitt omlag 25 m² til 25/129. Då er det ikkje rekna med endring av areal langs elva.


Arealet til 25/112 etter nymerking og måling er utrekna til 1873,9 m². Grensemålingane er utført med Topcon Hiper GNSS/CPOS og tilfredsstillar krava til nøyaktighet som er sett i eigedomsstandarden.

Når kommunen får tilbake signert protokoll frå eigar av 25/112 og 25/129 matrikkelfører vi dei nymålte grensene og skriv ut nytt matrikkelbrev for 25/112 som vert sendt eigar. Forenkla matrikkelbrev vert sendt naboar.

I samsvar med matrikkellova §46 og reglane i forvaltningslova kap IV - VI kan det klagast på utføringa av forretninga og på matrikkelføringa. Klagefristen er tre veker.

Eigar av 25/112 og eigarar av 25/129 godkjenner med dette dei nymerka og nymålte grensene for 25/112:

.....
Eigar av 25/112


.....
Eigarar av 25/129

Sted

Frekhaug

Dato

22.12.2017

Underskrift



| Vedlegg (saksdokument som kjem til under oppmålingsforretninga) | | | | |
|---|--|------------|-----------------|-------------|
| Relevant | Dokumenttype | Forklaring | Journalpost nr. | Vedlegg nr. |
| | Partsliste | | | |
| | Beregningsdokumentasjon | | | |
| | Fullmakt | | | |
| | Avtaler | | | |
| | Hjemmelsdokument (matrikkelbrev, ekspropriasjonsvedtak, andelsbevis, tinglyst skjøte) | | | |
| | Arealregnskap | | | |
| | Begjæring/tillatelse til seksjonering/reseksjonering | | | |
| | Partspåstander | | | |
| | Forlik/voldgift | | | |
| | Kartvedlegg til protokoll | | | |

